

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Time

Emne: Folkemedisin

Bygdelag: Grønabygdo

Oppskr. av: Eilert Tjensvoll

Gard: Tjensvoll

(adresse): Tunheim Ruten, Bryne

G.nr. 61 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Eg trur ikkje det. Men kjendskapen til sjukdommar er større idag og adgangen til læge letvintere. Harhausar hadde mann før og Harhauser har me den dag i dag
- 2 Man viste om smitte men mindre om korleis dei smitta og ymse råder vart brukt. Malurt i nasen var godt, Men Brennevin var basen. Det var godt mod alt
- 3 Ja, det vil seia at enkelte og då særlig kyndige kåner og såkaldte Abulanser. (assistanter til millitær lægen på eksermoane.) Korleis medisinen var laga veit eg ikkje med unntak av at hu Inger i Mærlio laga et plåster kori der var harpeis og var bruka til svodla fingrar. " Sloans Linement " var god mot mest alt særlig gikt og rumatisme.
- 4 Nei, det kunne au vera ei husmann kona som viste råd
- 5 Låna kunne dei vel ikkje men kjøpa. Har aldreg haurt om prest eller jordmor som hadde medikamenter
- 6 Då her ikkje har vore skog her på jæren har eg ingjen kjendskapp til kvæe. Tjøra som medesin kjenner eg ikkje noke til Men tjøra hadde mann i alle heimar
- 7 " Treak " er eit ukjendt begrep her.
- 8 Ja " dyvelsdrik " (løgdråbar) Innvortes bruk for dyr
- 9 Veit ikkje om nokon som laga dyvelsdrikken
- 10 Dyvelsdrykken var flytande og oppbevartes på flasker eller krukker.
- 11 Dyvelsdryk var apotek varer
- 12 Nei .Kråmkarane hadde aldriq densslags
- 13 Vart overlevert munnleg. og var hemmeligheter som mann tok vare på. Dei gjek helst frå mor til dotter
- 14 Det er ikkje utenkjeleg men veit ikkje om desse
- 15 ?
- 16 Det var både kvinnor og mend. men ein kan ikkje seia

at dei dreiv rasjonel lækjarverksemd

17 Nei

18 Ja

19 Kan ikkje svara på det

20 ?

21 ?

22 Antagelig

23 Nei det var bare til når nokon trong hjelp

24 Dei tokk ikkje betaling.

25 Dei var så å seia utlærte av millitærlækjarne. sjå svar nr. 3

26 Nei

27 Nei

28 Nei

29 Kva slags medesinar dei brukte veit eg ikkje

30 Veit kijke

31 ?

32 Eg trur dei fekk i all fald dei mesta frå apoteket

33 ?

34 Nei

35 Nei

36 ?

37 Bygdedokter utenom "Abelanserne " er ukjendt her. Abo lanserne gav aldrig råd mot innvortes sjukdomar. Det var dei såkalla " Kvaksalvarar" som gjorde det. i dei siste 88 overlevte åra har me her fåt fleire sådanne. Dei kan stilla sin diagnose bara på eit hår, som kan vera senda langvegs frå og lagar sin urtedrykk av alt muligt, som lækjar alle sjukdommar uansett. 6 flaskar av denne dryk er fyste gongs leveranse.

38 Nei

39 ?

40 ?

41 Nei

42 Årelating og kopning var overlete til einskilde mænd og koner.

43 Til årelatning bruktes ei " Bill " Man trykte på ei fjør så sprang der ut noget som likna på ei øks som hug blodåren så blodet randt. til koppning og "Lavement " brugtes blodiglar

44 Ja men dei kunne også finnast i sorpevatten.

45. Ja. Johanna Stangeland. Klepp .Ho kunne og ta bort verk og

15709

smarte og stogga blødning. Ho hadde lært kunsten av Elling Østvold men ville ikkje læra kunsten frå seg. Ho kunne og stansa blødning utean å koma til pasienten.

Vil De ha meir om dette så les Årbok for Jæderen og Dalerne 1954.

- 46 Nei
- 47 ?
- 48 Dei vart ikkje henta
- 49 ?
- 50 ?
- 51 Trur ikkje det
- 52 ?
- 53 ?